



Jobbnorge-ID: 101029

Søknadsfrist: Avslutta

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førstekonsulent (50 %) ved CROP-sekretariatet

På vegne av CROP-samarbeidet utlyser Universitetet i Bergen ein 50 % stilling som førstekonsulent ved sekretariatet for CROP i Bergen.

The Comparative Research Programme on Poverty (CROP) er eit internasjonalt program som arbeider for å fremje alternativ og kritisk kunnskap om førebygging og utrydding av fattigdom. CROP er finansiert i eit forpliktande samarbeid mellom International Social Science Council (ISSC) og Universitetet i Bergen. Førstekonsulenten vil bli tilsett ved UiB.

Sekretariatet for CROP er lokalisert ved UiB Global, og skal handtere administrative og akademiske oppgåver for programmet.

Arbeidsoppgåver:

- Dagleg kommunikasjon og samarbeid med CROP sine medlemsinstitusjonar, sponsorer og internasjonale partnerar
- Informasjonsarbeid som t.d. bistand i førebuing og redigeringa av nyheitsbrev og andre publikasjonar, kontakt med grafisk utformar, oppdatering av mailinglister, nettsider m.m.
- Assistanse i høve til praktisk gjennomføring av arrangement eller koordinering mot lokale partnerar ved internasjonale arrangement
- Deltaking i anna administrativt arbeid ved behov

Oppgåvene i stillinga kan justerast ut frå behovet ved sekretariatet

Kvalifikasjonar:

- Høgre utdanning på minst bachelornivå innan samfunnsvitenskap, humaniora eller relaterte fagfelt. Utdanning innan andre fagkrinsar, eller spesialutdanning tilpassa dei oppgåvene stillinga skal dekkje blir også verdsatt
- Arbeidserfaring relevant for dei oppgåvene som er skildra
- Kjennskap til universitets- og høgskulesektoren
- God IT-kompetanse inkludert erfaring med redigering av nettsider

Personlege eigenskapar

- Gode samarbeids- og kommunikasjonsevner
- Fleksibilitet og evne til å jobbe med personar frå andre kulturar
- Evne til å arbeide sjølvstendig, så vel so i team og til å jobbe i periodar med høg arbeidsbelastning

Språk

- Evne til å forstå og snakke norsk
- Svært gode engelskkunnskapar, skriftleg og munnleg - sidan engelsk er offisielt språk på CROP
- Kompetanse i andre språk (som t.d. spansk eller portugisisk) er eit pluss

Vi tilbyr

- Løn etter lønnssteg 43-53 i det statlege lønnsregulativ, avhengig av tenesteansiennitet og kvalifikasjonar. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn
- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver
- Fleksibel arbeidstidsordning og gode velferdstilbod
- Medlemskap i Statens Pensjonskasse som inneber ei god tenestepensjonsordning, og dessutan tilbod om bustadlån til gunstig rente og yrkesskade- og gruppelevsforssikring

Kontaktpersonar for stillinga

Direktør for CROP, professor Alberto Cimadamore. Tlf: 55 58 42 51, e-post alberto.cimadamore@crop.uib.no.

Administrativ koordinator for CROP, Charlotte Lillefjære-Tertnæs, Tlf: 55 58 97 40, e-post charlotte.lillefjaere@crop.uib.no

Generelle opplysningar

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og å rekruttere personar med innvandrabakgrunn og nedsett funksjonsevne. Personar med innvandrabakgrunn og nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen har utvida dokumentinnsyn ved tilsettingar. Opplysningar om søkjaren kan bli offentleggjort sjølv om søkjaren sjølv har oppmoda om ikkje å bli førd opp på søkjarlista. Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad og CV skal sendt elektronisk via link på denne sida: "Søk denne stillinga".

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: